Vår dato.: 12.08.2019 Vår ref.: Helge Kiland

Deres dato: 16.08.2019 Deres ref.: Sveinung Seljås

Oppdragsgjevar: Nissedal kommune
Rapport: Helge Kiland, Faun Naturforvaltning

Faun notat 008 - 2019: Innspel til nye hytteområde i Nissedal kommune, vurdering av biologisk mangfald

Innleiing
I samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen for Nissedal har det kome innspel med forslag om 4 nye hytteområde. Kommunen ønskjer å få vurdert mogleg verdi og potensial for biologisk mangfald for desse områda, jamfør krava i Naturmangfaldslova § 8 – 12.

Feltarbeid og analyse
Det er søkt i databasane Naturbase (www.naturbase.no), Artskart (www.artsdatabanken.no) og Artsobservasjonar (www.artsobservasjoner.no), samt i Nasjonal berggrunnsdatabase (www.ngu.no). I Kilden (www.kilden.nibio.no) er det lagt inn informasjon om aldersfordeling og viktige livsmiljø (MiS) i skog. Dei aktuelle hytteområda er besøkt saman med plansjef Sveinung Seljås 21. juni og synfart i felt aleine 21. juni, 27. juni og 5. august 2019.

Det er lagt særleg vekt på søk etter raudlisteartar, potensielle naturtypeområde etter DN-handbok 13 og karplantar som indikatorar på lang kontinuitet i tresjiktet (gammalskog) og som teikn på artsrike biotopar.

Resultat
Sondekollen er ein del av gabbrofeltet som strekkjer seg frå Ruglefjell i Drangedal, over Nisser og vidare litt over på Fjone. Det er ikkje alltid ein ser noko utslag på vegetasjonen, men han er ofte noko meir kravfull der det er slik berggrunn. I overgangen mellom den tørre furuåsen og flata er det noko næringsrikt. Her finn ein også tidlegare dyrka mark, med dyrkingsrøysar og hustuft.

Oppe i åsen er det blåbærfuruskog som dominerer, med blåbærlyng, tytebær og røsslyng. Litt kvitkrull på dei tørraste stadane. Det same er tilfellet nede på moen. I overgangen saman med den tidlegare dyrka marka finst ormetelg, fingerstorr, tviskjeggveronika, skogfiol, knollerteknapp og firblad, artar som høyrer til i lågurtmark. Innslag av fuglevikke, lintorskemunn og firkantperikum vitnar om tidlegare kulturpåverknad (beite og slått).

I Sondekollen finst det eit forslag til reguleringsplan som omfattar 150 daa frå toppen av kollen og ned på moen nedanfor. I planen er det sett av plass til 26 hytter oppe i furuåsen, medan området nede på moen er sett av til friluftsføremål, camping, parsellhage og anlegg for avløp og renovasjon.

Figur 1.Sondekollen ved Fjonesundet.

Figur 2. Frå Sondekollen. Til høgre frå gammal hustuft med litt innmark

Det finst ikkje nyare skogbruksdata for området (www.kilden.nibio.no). Skogen er einsarta furuskog, med litt osp og gran i overgangen frå lia til flata nedanfor. Skogen synes å vera hogstmogen (hogstklasse IV og V). Det finst ein traktorveg som går på langs midt oppe i lia. Vegen er anslagsvis 10 – 20 år gammal. Det er spreidde stubbar etter hogst, men ingen hogstflater. Delar av området har dyrkbar jord, ca 40 daa til saman. Det er under feltarbeidet i 2019 ikkje funne raudlisteartar eller viktige naturtypar. Det er heller ikkje funne indikatorartar som kan tyde på rikare livsmiljø i skog.

Raudnes

Raudnes er ein sandodde i Nisser litt nord for Trontveit. Odden består mest bare av lausmassar. På Raudnes ligg eit tidlegare bureisingsbruk. Den dyrka jorda er nedlagt og i ferd med å vekse til med bjørkeskog. Som restar frå den tida det var dyrka finst det ein del strandrøyr, åkertistel, lyssiv, engsyre, høymol, ryllik, sølvbunke mm. Delar av området er vassjukt, med slåttestorr, trådsiv og gråstorr. Det har

vore vanskeleg å få drenert arealet skikkeleg. Området er utan produktiv barskog. I samband med at det blir lagt leidning i Nisser for vatn og kloakk frå Kyrkjebygdheia blir ein del av leidningane også gravne ned tvers over Raudneset. Det vil bli eit byggeforbodsbelte på 50 m rundt neset mot Nisser. Det påtenkte byggeområdet er ikkje nærare konkretisert. Det er under feltarbeidet i 2019 ikkje funne raudlisteartar eller viktige naturtypar. Det er heller ikkje funne indikatorartar som kan tyde på rikare livsmiljø i skog.



Figur 3. Raudnes

Figur 4. Frå tidlegare dyrka mark på Raudnes.

Lomkilen

Området ligg ca 1 km nord for Nordbygda i Nissedal og er i kommuneplanen sett av som eit LNF område. Grunneigaren har med hjelp frå AT-skog laga eit innspel til ny arealplan der det er ønskje om plass til 5 – 6 nye hyttetomter. Det nye planområdet vil dekke eit areal på ca 12 daa.

Figur 5. Planskisse for Lomkilen, Frå AT-Skog.

Rett sør for planområdet er det frå før plassert 5 hytter. Dei ligg på eit platå som sluttar med ein bergskrent ned mot Lomkilen. Dei nye hyttene er tenkt plassert vidare nordover på same platået. Her skrånar terrenget meir jamt ned mot vatnet og området har meir lausmassar. Innanfor har området karakter av furumo. Vegetasjonstypen er røsslyng-skinntrytefuruskog og bærlyngfuruskog. Ned mot vatnet er furuskogen tynna ein del, og dei trea som står att er anslagsvis rundt 100 år gamle. Nordover har det også vakse opp ein del ungfuru. Boniteten synes å vera F11 eller F14. Mellom hytteområdet og rv 41 er det eit flatt område som ein gong kan ha vore dyrka men som nå er under attgroing. Langs Lomkilen veks det i tillegg til furu noko pors og svartor. Elles ingen vassvegetasjon av betydning. Det finst ingen nyare skogbruksplan for eigedomen og det er ikkje tidlegare lagt inn observasjonar og registreringar i Artskart og i Artsobservasjonar. Det er under feltarbeidet i 2019 ikkje funne raudlisteartar eller viktige naturtypar. Det er heller ikkje funne indikatorartar som kan tyde på rikare livsmiljø i skog.

Figur 6. Interiør frå furuskogen på dei planlagde hyttetomtene, til venstre. Til høgre området under skrenten med eksisterande hytter på toppen. Bildet er teke frå kanten av Lomklien.

Gronnane

Innspelet om hytteområde på Gronnane omfattar 2 eigedomar ved Nisseråna nord for Høgefoss.



Figur 7. Gronnane. Yttergrensa for dei to aktuelle eigedomane er markert med raud strek

Det er eit svært grunnlendt område, med mykje svaberg. I Nisseråna er det jettegryter og populært å bade. Tidlegare gjekk det her ei tømmerrenne frå Sandarhylen og ned forbi Illekleivsfossen. Renna er markert på kart, men blei riven på 1980-talet. Det står nå bare enkelte fundament igjen. Delar av renna var også lagt i renne gjennom fjellet. Frå toppen av Høgfosskleiva kan ein køyre inn på den gamle traseen for Treungenbanen og på det viset kome over på austsida av vassdraget.

Figur 8. Til venstre restar av Nisseråna i Illekleivfossen og til høgre del av elva på toppen av området vist i det venstre biletet.

Skogbruksplanen syner at skogen i området er einsarta furuskog, hogstklasse IV (yngre produksjonsskog) på låg bonitet (bonitet F 8 og F 11). Berggrunnen er granitt og granodioritt og såleis nokså næringsfattig. Området er nok kostbart å bygge ut, men framføring av kloakkleidning frå Nisser og Gautefall til Langmoen kan kome til å krysse området og såleis gjera ei utbygging meir aktuell. Samstundes er området lett å kome til frå riksveg 41 og har blitt meir populært nå som jettegrytene i Reinsfoss innanfor Eikhom er mindre tilgjengelege. Det er også merka opp turstig med blå merke gjennom området. Stigen gjeng vidare mot Valefjell, og ved Sandarhylen kan ein også ta av mot Tjønnefoss og langs Kjørull til Kjørullkroa.

Dei synlege kulturminna i området er knytte til tømmerfløtinga. Tømmerrenna blei riven på 1980-talet, men det står att eit par betongfundament og ein ca 2 m brei og 1 m djup kanal delvis sprengt ned i fjellet. Traseen der tømmerrenna låg er vist på kart i målestokk 1:2500 (www.kilden.nibio.no). Nær fossen er det også skådammar.

Figur 9. Frå indre del av Gronnane. Til venstre frå turstigen over berga der ein også skimtar eit blått merkje på furua i bakgrunnen. Til høgre ei gammal tørrfuru (furugadd).

Området er lite produktivt og naturleg nok også fattig på artar. Men enkelte artar er typiske for slike område, med varme svaberg og furuskog. Det kan vera sommarfuglen svabergringveng, som er registrert på Tjønnefoss (Artskart) og det kan vera fuglen nattravn, som er registrert i Kilegrend, Åmli og Nissedal. Men ingen av desse artane er til nå registrert i akkurat dette området. Det er under feltarbeidet i 2019 ikkje funne raudlisteartar eller viktige naturtypar. Det er heller ikkje funne indikatorartar som kan tyde på rikare livsmiljø i skog.

Vurdering

Som nesten alle hytteområde i Nissedal er også desse 4 områda prega av fattige vegetasjonstypar og har derfor nokså få artar. Det er ikkje funne naturtypar som er viktige nok til å bli registrert som naturtypeområde etter DN-handbok 13. Nokre av områda kan ha viktige friluftsinteresser og også kulturminne, men verdien av dette er ikkje nærare vurdert her.

Kjelder:

Artsdatabanken www.Artsdatabanken.no. Nedlasta 27.6. 2019.
DN-Handbok 13 Naturtypekartlegging 2006, revidert 2007.
Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA temahefte 12. Norsk institutt for naturforskning.
Henriksen S og Hilmo O (2015) Norsk rødliste for arter 2015.
Håndbok V712 Konsekvensanalyser, www.vegvesen.no.
Kiland, H. 2011. Viltkartlegging i Nissedal. Faun rapport 15-2011.
Kulturminne www.kulturminnesøk.no.

Fyresdal 16. august 2019

Helge Kiland